

TIPS TIL SPARING



Levele

God styring med eigen økonomi

Tips til sparing og god oversikt

Dersom du er i ein situasjon der du har låg inntekt, eller du har ein reduksjon i inntekta di, kan det vera fleire grep å ta. Det er alltid lurt å sjå skikkeleg på eige forbruk fyrst! Her får du nokre tips på kva du skal sjå etter, og korleis du tek tak i det:

Kva kostar det deg å bu?

Dersom du eig eigen bolig, og har boliglån: Er du sikker på at du har billigast mogleg boliglån? Ta kontakt med banken din for å avklara dette. Du kan og sjekka moglegheitene dine for rimelegare lån hjå andre bankar på nettstaden www.penger.no. Du kan og be banken om avdragsfriheit, be om lengre løpetid på lånet, - eller kanskje begge delar. Det er ikkje flaut å høyra med banken om slikt, tvert i mot!

Har du forresten moglegheit for å leiga ut delar av bustaden din? Her kan det vera gode kroner å ta med seg.

Leiger du bolig? Tenk nøye gjennom kva du har behov for, vurder om du kan flytta til ein rimelegare bolig. Eit slikt steg kan opplevast som dramatisk, men dersom det er med på å styrka deg og dine sin økonomi i kvardagen kan det og vera eit viktig steg.

Du kan og få vurdert om du har rett til kommunal eller statleg bustøtte, dette er det NAV som kan hjelpe deg med. Ta kontakt med NAV-kontoret ditt om dette er aktuelt for deg, tlf. 5555 3333

Forsikringar

Forsikringar av ymse sort er ein del av den økonomiske kvardagen. Nokre døme på forsikringar du kan ha er:

- Husforsikring
- Innboforsikring
- Bilforsikring
- Reiseforsikring
- Barneforsikring
- Livsforsikring
- +++

Det kan vera lurt å halda seg oppdatert på kva forsikringar ein har - og kva dei kostar. Du skal ikkje sjå bort i frå at du ratt er "dobbeltforsikra" - både privat og gjennom jobb eller fagforeining! Her er det kroner å spara! På same måte som huslån og andre lån, kan det vera i di interesse å sjekka prisane på forsikring hjå andre selskap med jamne mellomrom.

Sjekk nettstaden finansportalen.no for å samanlika vilkåra hjå ei mengd forsikringselskap.

Mobil/internett/TV/Streaming

Mobiltelefon kan vera kostbare saker. Har du styring på kor mykje abonnementet ditt kostar? Dersom ikkje: finn ut av det! Kanskje greier du deg med eit billigare abonnement?

Internett har kanskje blitt den viktigaste kommunikasjonskanalen vår, og dei fleste av oss har eit abonnement på internett. Har du oversikt over kor mykje du betalar kvar måned? ...kanskje det fins billigare løysingar? Vurder behovet ditt for breiband nøye, det er ikkje sikkert du treng så "kraftig" line.

TV, om det er over satelitt eller fiber - er ei fast utgift vi ratt er vant til å ha.

Streaming... eller abonnement på ymse underhaldning kan vera så mykje. Nokre døme:

- Spotify/Tidal/AppleMusic/+++
- Netflix/Disney+/ViaPlay/+++
- TV2Sumo/Discovery/+++
- Nintendo/XBox/Playstation/Steam/+++

Dette er "mikroutgifter", gjerne berre ein liten hundrelapp kvar...som til saman kan bli ein skikkeleg sum pengar.

Hald hovudet kaldt: Brukar du verkeleg alle tenestene aktivt nok til at du bør fortsetja å betala på dei?

God rutine i nettbanken:

Automatiser betalinga di av rekningar. Nytt deg av banken din sine moglegheiter for AutoGiro og eFaktura. På denne måten sikrar du deg at rekningane dine blir betalt tidsnok.

Mange kontoar i banken kan og vera lurt. Kva om du har ein konto for inntekter, ein konto for faste utgifter, ein konto for andre utgifter, og ein sparekonto? Set opp automatiske overføringar mellom kontoane kvar måned:

Om du knyter eit bankkort opp til kontoen for andre utgifter, har du betre kontroll på kva pengane dine går til!



Modellen syner eit eksempel på korleis ein kan setja opp ein flyt i nettbanken sin: Det kjem pengar inn på ein inntektskonto, med automatisk overføring til konto for faste utgifter. Alle eFaktura eller AutoGiro blir trekt frå denne. Vidare kan du ha ei overføring til ein konto for andre utgifter, gjerne med eit betalingskort knytt til den kontoen.

Til slutt kan du ha ein sparekonto der det blir automatisk overført ein sum kvar måned.

Levele

God styring med eigen økonomi

NAV - 5555 3333

Telefonnummeret til NAV. Det er dette telefonnummeret du ringer dersom du vil kontakta NAV om noko.

800GJELD - 800 45353

Økonomirådstelefonen i NAV. Lågterskel kontaktpunkt der du kan få enkle råd og tips til sjølvhjelp knytt til din eigen økonomi. Ikkje nøl med å ta kontakt - ingen spørsmål er dumme!

LEVELE på nett

Tips og triks knytt til god styring på eigen økonomi. Podcasten til Levele finn du og her!

www.levele.no